



# STRATEGISK NÆRINGSPLAN

Vanylven kommune | 2015 - 2020



## BAKGRUNN

Vanylven kommune fikk status som omstillingskommune i 2007 etter ein vedvarande befolkningssreduksjon og enn betydelig nedgang i antal arbeidsplasser. Omstillingsprogrammet vart avslutta i 2013 og med det også planverket knyt til omstillingsprogrammet.

Ein ny strategisk næringsplan skal være et styringsverktøy for næringsetablering for Vanylven kommune i perioden 2015 til 2020. Den nye strategiske næringsplanen skal bevisstgjere og peike på satsingsområder, mogleigheter for tilrettelegging og ynskaj utvikling for Vanylven kommune.

Frå regjeringa si side er ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift sett på som eit av dei viktigaste verkemidla for å stimulere sysselsetjinga i disitrikra. Vanylven er ein del av ordninga, og arbeidsgjevaravgifta er redusert frå 14,1 til 6,4 prosent. Lågare arbeidsgjevaravgift vil kunne gjøre det enkalre for eksisterande bedrifter i kommunen å ekspandere, og være et instrument for trekke til seg næringsetablering.

Rovdefjordbrua AS er det viktigaste samferdselstiltaket for Vanylven kommune. Status ved utarbeiding av dette planverket er at Rovdefjordbrua AS har sett i gong gode planprosessar der målet er eit ferdig regulert prosjekt. I samarbeid med Vanylven Utvikling AS har det parallelt vorte arbeida med fjordkrysninga som eit pilotprosjekt. Bru over Rovdefjorden vil kunne gi økonomiske ringverknadar både for næringslivet og innbyggjarane generelt og opne for heilt nye mogleigheter for Vanylven.

Stad Skipstunnel vart i 2013 prioritert med 1 mrd NOK i NTP og det er soleis forventingar om realisering innan siste del av planperioden, frå 2018-2023. Vanylven kommune har i lengre tid vore av dei fremste forkjemparane for dette prosjektet og ringverknadane for området vil verte store. Vanylven er difor sterkt engasjert i prosjektet, der arbeidet for framdrift har sidan 2012 vore samla i ei eiga prosjektgruppe som er eigd av kommunane Vanylven, Selje og Vågsøy.



## SITUASJONEN 2014

Situasjonen for Vanylven 2014 er fortsatt befolkningsreduksjon og ei sysselsetting i kommunen som er redusert med over 10 prosent i perioden 2007 til 2012.

En ny strategisk næringsplan må sjåast i samanheng med evalueringssrapporten som er utarbeidet av omstillingssperioden Vanylven kommune har vært igjennom.

Oxford Research som har utarbeida evalueringa, konkluderar med at det er grunn til å tru at effekten av programmet har vore liten, basert på dei fakta som er henta inn. I kva grad programmet har bidrige til å avgrense den tidlegare omtalte nedgangen i sysselsettinga er uvisst. Dette fordi effekten av eit virkemiddel for næringsutvikling i seg sjølv er vanskelig å påvise og fordi det i programmet ikkje er føreteke ei systematisk registrering av resultat.

I evalueringa vert det mellom anna uttalt:

*Næringsgrunnlaget i kommunen i form av virksomheter med vilje til og potensial for vekst er svakt. Programmets forankring i næringslivet var svak fordi næringslivsaktørene i betydeleg utstrekning ikke hadde evne og vilje til å nyttiggjøre seg verktøyet. Det fantes imidlertid unntak, som benyttet risikofondet eller iverksatte hovedprosjekter innen satsingen små og mellomstore bedrifter -SMB utvikling - men disse var få. Kommunen har en geografisk plassering som innebærer utfordringer, inkludert negativ befolkningsutviklingen. Utviklingen skyldes primært strukturelle forhold, og ikke at en hjørnestensbedrift har gått over ende, selv om utviklingen i Olivin innebar bortfall av arbeidsplasser. Et tydelig resultat av omstillingssprogrammet er organisasjonen Vanylven Utvikling som verktøy for næringsutvikling i kommunen. Noe av effekten av programmet kan dessuten inntrefte i tiden fremover, ettersom en stor andel av midlene, ikke minst fra risikofondet, er intakt og tilgjengelig for anvendelse av Vanylven Utvikling til næringsutviklingsformål.*



## SWOT-ANALYSE AV SITUASJONEN PR 2014

STRENGTHS	WEAKNESSES
<ul style="list-style-type: none"><li>• Mangfold</li><li>• Ledig areal</li><li>• Godt utbygd infrastruktur (fiber)</li><li>• Har etablert næringsapparat</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Mange små aktørar</li><li>• Sårbart</li><li>• Ligg «utanfor» vekstområda</li><li>• Næringsapparatet manglar «eigarskap» i aktivt næringsliv</li></ul>
OPPORTUNITIES	THREATS
<ul style="list-style-type: none"><li>• Generasjonsskifte i eksisterande bedrifter</li><li>• Lavare arbeidsgjevarvgift</li><li>• Moglegheit for betra kommunikasjonar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Klarar ikkje å rekruttere «arvtakarar»</li><li>• Blir ikkje «kobla på» regionen</li></ul>

## OVERSIKT KOMMUNALE NÆRINGSAREAL/-FASILITETAR

### ÅRAM HAMN

(Foto: Per Eide)

Området rett ved skipsleia er i kommuneplanen satt av til næring og til utbygging av hamn.



## EIDSÅ SAG

(Foto: John Willy Klungre)

Området på 23 DA spm tidlegare har vore sagbruk. Utbygd djupvavskai på området.



## LILLEIDE NÆRINGSPARK


(Foto: John Willy Klungre)

Industriområde med opparbeida veg, vatn og kloakk. Ledige tomter.



## VANYLVSSMIA KONTORFELLESSKAP

I Vanylvssmia er det lagt til rette for stadsuavhengige arbeidsplassar i eit lyst og triveleg kontorfellesskap. «Innflyttningsklare» kontor, fellesareal med kantine og møterom. Drifta av kommunalt eigedomsselskap, Vanylven Eigedom AS



## VISJON

Vanylven kommune skal vere ei attraktiv distriktskommune som har eit variert og mangfaldig næringsliv. Gjennom ei forsvarleg forvaltning skal kommunen sikre ei berekraftig utnytting av dei naturgjevne ressursane.

Ein sentral faktor er å ivareta eksisterande tilbod av varer og tenester, for å i best mogleg grad kunne legge eit grunnlag for vekst i lys av gunstige etablerings- og driftsvilkår og framtidig betra kommunikasjon.

## ORGANISERING

Næringsarbeidet skal i planperioden vere organisert som følgjande: Vanylven Utvikling AS vert kommunen sitt organ/verktøy for næringsutvikling. Vanylven Utvikling AS skal ha kompetanse til å kunne arbeide for å imøtekommе det potensialet som ein til ei kvar tid vil ha ambisjonar for og for å realisere dei prosessane som ein frå eit overordna og tilretteleggande nivå kan bidra i.

Vanylven Utvikling AS vart etablert som eit resultat av omstillingsstatusen og bør aktivt arbeide for å til ei kvar tid representere eksisterande næringsliv gjennom eigarskap og aktivitetar i tillegg til rolla som kommunen sitt forvalningsorgan i næringsretta saker. Årlege handlingsplanar for fokus og prosjektrelaterte aktivitetar vert lagt fram for kommunestyret innan april månad. Handlingsplan skal vere bygd på målsetningane i dette planverket. Dei årlege handlingsplanane vert grunnlag for rapportering til kommunestyre og eigarbedrifter i høve generalforsamling/årsmelding.



## OVERORDNA MÅL

Vanylven kommune skal ved å imøtekome og fylgje opp motiverte initiativtakarar bidra til auka tilrettelegging og potensiale for at desse skal kunne skape framtidsretta etableringar som supplerar og utviklar eit mangfaldig og meir robust næringsliv.

### DELMÅL/KATEGORIAR

#### Eksisterande næringsliv:

Gjennom fokus på eksisterande næringsdrivarar og potensielle vekstområde bidra til vekst og sikring av arbeidsplassar. Sentrale fokusområder er:

- Generasjonsskifte
- Samarbeid
- Utviklingssamtalar i samråd med andre ressursar (t.d. Innovasjon Norge, andre organisasjonar innan spesifikke fagområde)
- Ansvarleg: Vanylven Utvikling AS

#### Reiseliv:

Bidra til at tilbydarar innan reiselivsbaserte aktivitetar vert synleggjort gjennom tilstedeværelse i destinasjonsselskap og andre aktuelle fora. Kommunen må vere ein aktiv eigar eller deltakar i destinasjonsselskapet.

Vanylven utvikling AS skal utfordre private aktørar, lag og organisasjonar til å utvikle ei reiselivssatsing som styrkjer Vanylven sin posisjonen som

- «Ei grøn lunge»
- «Barnas favoritt»
- Tilrettelagt bruk av naturen for familiar
- Ansvarleg: Vanylven Utvikling AS og Vanylven kommune

#### Produsentar og leverandørar av varer og tenester:

Gjennom kommunen sitt næringsapparat skal produsentar og leverandørar av varer og tenester kunne vere orientert i høve relevante fora i ein utvida region. Gjennom ei bevisstgjering av produsent/leverandør i høve aktuelle marknadar skal kommunen sitt næringsretta arbeid bidra til at lokale næringsaktørar skal vere orienterte om relevante prosessar/fora:

- Aktiv kontakt med regionale samarbeidsfora
- Deltaking på arrangement for næringsutvikling i regionen
- God og gjensidig kommunikasjon mellom lokale aktørar og næringsapparat i kommunen for å kunne avdekke moglegheiter
- Ansvarleg: Vanylven Utvikling AS

#### PLANPROSESS:

Planarbeidet vart starta etter vedtak i formannskapet sak 28/2014. Oppstart vart offentleggjort og det vart opna for allmenne innspel i veke 25-28. Ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå næringslivet (oppnemnt av styret i Vanylven Utvikling AS i sak 25/2014) og politiske representantar som oppnemnt av formannskapet i sak 83/2014. Arbeidsgruppa at fått utsendt eit underlag basert på tidlegare dokument og tilrådingar frå analyser og rapportar i omstillingiperioden. Underlaget har i møte og på høyringar vorte bearbeida og spissa.

Strategisk næringsplan 2015-2020 er vedteke som framlagt av styret i Vanylven Utvikling AS 41/2014 og av Vanylven kommunestyre i sak 07/2015.